

TIL KULTURDEPARTEMENTET

Høyring: framlegg til endring i lov om stadnamn 18. mai 1990, oppfølging av Stortingets Innst. S. nr. 124 (2008–2009).

Øvre Romerike Mållag vil få takke Kulturdepartementet for ei grundig gjennomgåing av stadnamnlova.

Øvre Romerike Mållag går i mot ei endring av stadnamnlova. Vi er særleg i mot å handsame bruksnamna som ein eigen juridisk kategori unnateken frå offentleg normering. Vi er òg usamde i at grunneigar skal ha råderett over skrivemåten av bruksnamna.

Vi ser på privatisering av bruksnamn med stor uro, ettersom gardsnamn, og med dei bruksnamn, er ein del av vår felles kulturarv.

Dei fleste bruksnamna er avleidde av gardsnamn og skiljet mellom dei vert difor kunstig.

Slektsnavn som til dømes Aas, Wig, Houg høyrer ei anna tid til, og høyrer ikkje heime blant offentlege skriftformer.

Etter vår meining bør det avgjerande ord om korleis ein skriv eit bruksnamn, framleis liggje hos Kartverket.

Ei endring av lova vil kunne få mange uheldige konsekvensar, og vil på lengre sikt kunne føre til ei svekking av stadnamna som kulturminne. Til dømes vil ulike former av eitt og same namn som Aas og Ås, skape forvirring blant brukarar av kart- og GPS-tenester. I verste fall kan redningsteneste av ulike slag køyre feil, og det kan koste liv.

Frode Myrheim på vegne av styret i Øvre Romerike Mållag

